

VEDTEKT FOR SANDE OPPVEKST- OG KULTURUTVAL OG DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE

§ 1. OMRÅDE FOR VEDTEKTENE, EIGARTILHØVE

Denne vedtekta har heimel i barnehagelova med forskrifter, jfr. kommunelova, og gjeldande delegasjonsreglement vedteke i Sande kommunestyre.

Vedtekta gjeld for desse barnehagane som kommunen eig og driv:

- Sandsøy barnehage
- Kvamsøy barnehage
- Haugelia barnehage
- Gjerdsvika barnehage.

Vedtekta gjeld dessutan det tilsynsmynde som kommunen har overfor barnehageverksemd etter barnehagelova. Barnehageverksemda er administrativt knytt til servicekontoret.

§ 2. FORMÅLET MED KOMMUNALE BARNEHAGAR

Barnehagane skal gi barn eit godt miljø med vekst, leik og samvær med andre barn og vaksne. Barnehagane skal utvikle det einiskilde barn sin personlegdom, hjelpe til med å utvikle toleranse og til å ha omsorg for andre. Barna skal få bruke alle sine evner gjennom allsidige leike- og aktivitetstilbod.

Saman med heimen skal barnehagen medverke til å gi borna eit miljø som sikrar dei individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfalding, læring og etisk rettleiing.

Barnehagane skal bygge si verksemd på dei etiske grunnverdiane som er forankra i kristendomen. Den etiske rettleiinga må ta omsyn til alderen, mogninga og heimemiljøet til borna. Barnehagane skal formidle sentrale kristne tradisjonar.

Barnehagen skal drivast i samsvar med

- lov om barnehagar
- rammeplan for barnehagar
- forskrifter og retningslinjer som fagdepartementet til ei kvar tid fastset
- kommunale vedtak
- årsplanen til barnehagen.

§ 3. OPPVEKST- OG KULTURUTVALET

Med heimel i § 10 i kommunelova vart oppvekt- og kulturutvalet oppretta med 7 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar.

§ 4. OPPVEKST- OG KULTURUTVALET SINE OPPGÅVER

Oppvekst- og kulturutvalet skal ha disse oppgåvene :

- a. Kommunen sitt tilsynsmynde etter § 10 i barnehagelova, og kommunen sine oppgaver etter § 12 og § 15 innanfor ramma av kommunen sitt budsjett.
- b. Utarbeide forslag til budsjett for barnehageverksemda slik kommunestyre/formannskap fastset, jfr. kommunelova.
- c. Ta initiativ til rullering av barnehageplanen og delta i planarbeidet slik kommunestyret/ formannskap fastset, jfr. kommunelova og plan- og bygningslova.
- d. Godkjenne barnehagar etter § 12 i barnehagelova med forskrifter. Godkjenne barnehagen si utforming etter § 3 og § 12 i barnehagelova med forskrifter.
- e. Etter § 4 i barnehagelova med forskrifter skal eigaren velge sine representantar med varamedlemer til samarbeidsutvalet for kommunale barnehagar, men ikkje med fleire representantar enn dei andre gruppene som er representerte. Tilsvarande skal oppvekst- og kulturutvalet velje dei styrerepresentantane som kommunen etter avtale har i private barnehagar. Valperioden skal tilsvare valperioden for kommunestyret.
- f. Oppvekst- og kulturutvalet skal dessutan uttale seg om saker vedkomande barnehagesektoren når kommunestyret, formannskap eller administrasjonen ber om det, og syte for godt samarbeid til beste for barnehageverksemda.

§ 5 SAMARBEIDSUTVAL

Etter § 4 i barnehagelova skal kvar barnehage ha eit samarbeidsutval. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

Valperioden er eitt år for representantane frå foreldrerådet og dei tilsette, og eigar fastset valperiode for representantane valde av oppvekt- og kulturutvalet.

Etter § 5 kan kommunen bestemme at det skal vere felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og grunnskule. Dersom begge parter ynskjer det, kan det og etablerast tilsvarande ordning for privat barnehage og kommunal eller privat skule.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Styrrar i barnehagen er sekretær for SU. Han/ho har møteplikt, tale- og forslagsrett i styret. Styrraren har ikkje stemmerett med mindre vedkomande er vald medlem.

SU er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. SU sine vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Dersom røystetalet står likt, er leiaren si røyst avgjerande.

§ 6. SAMARBEIDSUTVALET SINE OPPGÅVER

SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med å drøfte barnehagens ideelle grunnlag og arbeide for å fremme kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

SU skal m.a.:

- sjå til at barnehagen vert driven innafør ramma av barnehagelova, barnehagen sine vedtekter og budsjett
- skal etter § 2 i Lov om barnehagar fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda
- uttale seg om endringar i vedtektene
- få seg førelagt saker som er viktige for barnehagen si verksemd. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i slike saker før endeleg vedtak vert gjort.

Samarbeidsutvalet kan be om forelderådet sitt syn i saker som ein ser som særst viktige for foreldra. Vedtak i samarbeidsutvalet skal leggast fram som referatsak i oppvekst- og kulturutvalet. Dette gjeld og for dei private barnehagane.

§ 7. FORELDRERÅD

Etter § 4 i barnehagelova skal kvar barnehage ha eit forelderåd. I forelderådet møter alle foreldre/føresette som har born i barnehagen. Forelderådet skal fremje samarbeidet mellom heimen og barnehagen. Møte i forelderådet skal haldast minst to gonger kvart år. Styrar kallar inn til det første møtet. Det skal førast møtebok i forelderådet.

§ 8. OPPTAK

Barnehagelova §7 og § 9, jfr. § 15 gir heimel for opptak.

Rådmann har opptaksmynde. Prosedyrene for hovudopptak skal vere slik :

1. Rådmannen står for utlysing av plassane. Saman med søknadsskjema må ligge vedtekter og informasjon om den barnehagen ein søker til. Søknadsfrist vert på dato fastsett av rådmannen. Søknader som kjem inn etter fristen, må vurderast etter at klagefristen for hovudopptaket er ute, og slike søkjarar kan berre få plass dersom dei vert prioriterte etter kriteria 1 og 2. Andre søknader vert plassert nederst på varalista.
2. Alle søknader vert sendt til oppvekst- og kulturkontoret. Alle opplysningar om tilhøva det skal takast omsyn til ved tildeling av plass, må fylgje søknaden. Også merknader/fråsegner frå fagtenesta må leggast ved dersom barn skal takast inn etter punkt 1 og 2 i opptakskriteria (§ 9 i vedtektene).
3. Servicekontoret oversender kopi av søknadane til barnehagestyrar som kjem med skriftleg tilråding til opptak etter opptakskriteria (§ 9 i vedtektene). Dette utifrå dei opplysningar som ligg føre i søknaden og ev. fråsegner frå faginstansar (PPT, Helsestasjonen, Sosialkontoret).

4. Rådmannen gjer vedtak om opptak etter opptakskriteria etter vedtekne arealnormer og i høve til personalressursen.
5. Søkjaren får melding om vedtak om opptak saman med vedtektene.
6. Klagefristen er 3 veker frå vedtak er gjort, jfr. forvaltningslova.

Minst 1 av plassane i kvar barnehageavdeling må haldast open til klagefristen er ute og eventuelle klager ferdighandsama.

§ 9. KRITERIER FOR OPPTAK

For opptak til dei kommunale barnehagane i Sande skal opptakskriteria ha fylgjande prioritering :

1. Funksjonshemma born som kan ha nytte av opphald i barnehage (§ 9 i barnehagelova).
2. Born med særskilde sosiale, pedagogiske eller medisinske forhold, der opphald i barnehage kan vere nyttig.

Søkjarar under pkt. 1 og 2 skal ha skriftleg tilråding frå faginstans (jamfør § 8 pkt. 2 i vedtektene).

3. Born som har plass frå før (auke plassen)
4. 5-åringar
5. Sysken til dei som har plass frå før.
6. Barn som har foreldre som er einslege forsørgjarar/studentar.
7. Barn som vil skape ei god gruppesamansetning.
Ved opptak skal styrar ta omsyn til alder , kjønn og antall barn i dei ulike aldersgruppene, slik at alle skal få eit godt pedagogisk tilrettelagt tilbod.
8. Barn frå andre kommunar.

Etter hovedopptak kan foreldre seie frå seg tildelt plass innan tre veker og seinast 15.juni.

Dersom det etter opptak blir venteliste på plass ved ein barnehage, gjer ein merksam på at ein må søkje på nytt ved nytt hovedopptak om våren.

Dette gjeld også for dei som har fått plass ved ein annan barnehage og ynskjer overflytting.

§ 10. SØKNAD OM SPESIALPEDAGOGISK TILTAK/ASSISTANSE

Søknad om spesialpedagogiske tiltak eller assistanse skal sendast servicekontoret på fastsett skjema innan fristen (1.12.).

§ 11. OPPSEIING AV PLASSAR, OPPTAK I BARNEHAGEÅRET

Skal barn slutte i barnehagen, er oppseiingstida 1 månad

Oppseiinga skal skje skriftleg.

Det er ikkje høve til å ta ut barn etter 1. april utan å måtte betale for heile barnehageåret.

Styrar kan avslå søknad om opptak i løpet av barnehageåret dersom det ikkje er budsjettdekning.

§ 12. TILVENJING

Når eit barn skal ta til i barnehage, bør nærmaste føresette eller ein som barnet er knytt til, ta seg tid til å vere hos barnet til det har funne seg til rette.

§ 13. SJUKDOM

Sjuka barn må ikkje møte i barnehagen. Barn må heller ikkje møte dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen. Dersom barn er borte frå barnehagen på grunn av sjukdom, må dette meldast frå om til styrar så snart som råd er.

Medisinering:

Så langt barnehagen finn det forsvarleg vil ein kunne vere hjelpsam med å gi barn medisin ved behov, etter avtale med foreldra.

Dersom det er snakk om medikament som barnet er heilt avhengig av og som ved manglefull dosering kan gi fatale konsekvensar for barnet, skal barnehagen og foreldra gjere skriftlege avtalar dersom barnehagestyrar finn denne oppgåva gjennomførbar. Barnehagen skal ved den daglege oppbevaring av medisin, ha rutiner for dette. Det er foreldra sitt ansvar å dosere medisinen. Medisin skal som hovedregel ikkje oppbevarast i barnehagen.

§ 14. FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset kvart år etter at oppvekst- og kulturutvalet har uttalt seg, satsar for foreldrebetaling i barnehagane med eventuell syskenmoderasjon.

Foreldra skal varslast om endringar i foreldrebetalinga to månader før endringa trer i kraft.

Får barn plass den 15. i månaden eller før, skal det betalast for heile månaden. Får barnet plass etter den 15. vert det kravd betaling for halv månad.

Syskenmoderasjon gjeld både for heil og mindre plass. Dersom sysken har ulikt timetal, skal den som har størst timetal betale full takst.

Ekstradagar:

Etter avtale med styraren kan barn vere i barnehagen utanom den tida dei er tildelt. Dette kan berre skje dersom det er ledig kapasitet i barnehagen (timar eller dagar). Oppvekst- og kulturutvalet fastset betalingssatsar som vert regulert i høve til betalingssatsane generelt. Foreldre/føresette kan ikkje ” selje/byte” dagar til kvarandre. Dette skal heile tida administrerast av styrar.

Overtid:

Dersom borna vert leverte før barnehagen opnar/ henta etter barnehagen er stengd,, vert foreldra belasta med eit ekstra beløp pr. påbyrja halvtime. Betalinga vert regulert i høve til betalingssatsane generelt.

Manglande foreldrebetaling:

Ved manglande foreldrebetaling kan kommunen ta eit barn ut av barnehagen (vanlegvis etter 2 mnd.). Dette vert gjort etter gjeldande reglar fastsett av rådmann og kommunekassa, der ei heilheitsvurdering blir føreteke (varigheita av manglande foreldrebetaling, størrelsen på beløpet, sikkerheita m.m.).

Ved forsein betaling vert det vist til lov om renter av 17.12.76 nr. 100, samt inkassoloven av 13.5.88 nr. 26 med forskrift fastsett i kgl. res. av 14.7.89.

§ 15 MAT – KLEDE - HENTE/BRINGE

Opplysningar om mat, mjølk og frukt vil foreldra få i barnehagen. Snop og tyggegummi skal borna generelt ikkje ha med. Brus berre ved særskilde høve.

Borna må vere reine og ha reint tøy tilpassa ver, årstid, ute og inne. Alt tøy må vere godt merka med barnet sitt namn.

Det er foreldra sitt ansvar å følgje borna til barnehagen. Dersom foreldra vel andre måtar å bringe borna til og frå barnehagen på, må dette avtalast med barnehagen. Jfr elles barnehagane sine handlingsplanar for tryggleik som blir utdelte når borna får plass i barnehagen.

§ 16. OPNINGSTIDER

«Barnehageåret» tek til ein av første dagane i august på dato som rådmann fastset.

Heildagsbarnehagane er opne 9 timar pr. dag. Nokre har lenger og nokre kortare opningstid. Dette er tilpassa dei lokale tilhøva. Samarbeidsutvala kan gjere endringar innafør dei rammene som barnehagen rår over.

Plassane vert organisert slik:

- tilbod heile dagar): opphaldstid 8 timar og 30 min pr. dag
- korttidstilbod : 4 timar pr. dag): kl. 10.00 - 14.00.
- ein kan søkje om (2 dg. pr veke) 40% plass eller meir.

Samarbeidsutvala kan gjere vedtak om anna opningstid innafør ei slik ramme.

Ferie/fridagar:

Heildagsbarnehagane har ope 11 månader i året. Dei er stengde julafta og nyttårsafta. I romjula og påskeveka er det vanleg opningstid, men onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl 12.00.

Foreldra/føresette bør melde frå i god tid på førehand om fråvær på grunn av ferie.

§ 17 PLANLEGGING

Barnehagen har 5 dagar til planlegging. Personalet skal ta del på desse dagane. På desse dagane er barnehagane stengde.

Styraren er ansvarleg for personalmøte der alle tilsette skal møte. I løpet av eit år skal det vere minst 5 personalmøter. Det skal førast møtebok over alle personalmøte.

Overtid for dei tilsette skal avpasserast dersom det ikkje er gjort anna avtale.

§ 18 BEMANNING

Kvar barnehage skal ha ein styrar som har den daglege leiinga av verksemda. Styraren skal ha utdanning som førskulelærer. Når barnehage og grunnskule er organisert som ei verksemd, kan skulens rektor vere styrar i barnehagen. Barnehagen skal då ha ein pedagogisk leiar utdanna som førskulelærer.

Kommunen kan i særlege tilfelle gi midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet.

Bemanninga i barnehagen må elles vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

§ 19 AREALUTNYTTING OG AREALFASTSETJING

Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner barnehagen sitt leike- og opphaldsareal etter § 8 i barnehagelova med forskrifter. 4 m² netto leike- og opphaldsareal inne vert fastsett som vegleiande norm.

§ 20 TEIEPLIKT/MELDEPLIKT

Barnehageverksemda medrekna nemnd, styre og alle tilsette har teieplikt etter § 21 i barnehagelova, jfr. forvaltningslova.

§ 23 i «Lov om barnehagar» understreker heile personalet si meldeplikt overfor barnevernstjenesta i samband med mistanke om barnemishandling og alvorleg omsorgssvikt.

§ 21 ANKEINSTANS

Oppvekst- og kulturutvalet er ankeinstans ved opptak og andre klager, jfr. forvaltningslova.

§ 22 IGONGSETJING

Denne vedtekta trer i kraft straks. Samstundes vert tidlegare kommunale vedtekter og retningslinjer oppheva.

Vedtektene vart vedtekne av Sande kommunestyre i møte den 6. april 1994, sak K-94/0024.

Vedtektene vart vedtekne av Oppvekst- og kulturutvalet i møte den 14.10.96, sak 96/0057.

Vedtektene vart revidert- og vedtekne av oppvekst- og kulturutvalet i møte den 31.5.99, sak 34/99.

Vedtektene vart revidert- og vedtekne av oppvekst- og kulturutvalet i møte den 25.4.00, sak 0024/00

Vedtektene vart reviderte og vedtekne av oppvekst- og kulturutvalet i møte den 28.10.02, sak 0039/02

Vedtektene vart reviderte og vedtekne av oppvekst- og kulturutvalet i møte den 04.04.05, sak 0005/05.